



MØTEINNKALLING

Utval: Komite for næring, kultur og idrett
Møtestad: Formannskapssalen Herøy rådhus
Dato: 07.10.2013
Tid: 16:00

Melding om forfall til tlf. 70081300.

Forfall til møter i kommunale organer skal vere gyldig i hht. Lov om kommuner og fylkeskommuner § 40, nr. 1.

Varamedlemer som får tilsendt sakliste, skal ikkje møte utan nærare innkalling.

Dersom du ønskjer din habilitet vurdert i ei sak må du melde skriftleg frå til Fellesekretariatet om dette i god tid før møtet (Forvaltningslova § 8, 3. ledd).

Fosnavåg, 30.09.13

Bjørn Otterlei
leiar

OFFENTLEG SAKLISTE:

Saksnr	Innhold
PS 68/13	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS 69/13	Protokoll frå førre møte
PS 70/13	Referatsaker
PS 71/13	Bakkar og Berg Media AS - Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 72/13	Søknad om RDA- midlar. Jensholmen Nord - molo.
PS 73/13	Jungelkongen. Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond.
PS 74/13	Søknad om RDA- midlar. I`sing.
PS 75/13	Søknad om RDA- midlar. Moltustranda mosjonsfestival.
PS 76/13	Søknad om RDA- midlar. Bergsøy IL.
PS 77/13	Søknad om RDA- midlar. Herøy Sogelag.
PS 78/13	G-Sport Igesund. Søknad om støtte frå kommunalt næringsfond
PS 79/13	Søknad om RDA- midlar. Moltustranda idrettslag - kunstgrasbane.
PS 80/13	Søknad om RDA- midlar. Ungdomslokale i Herøy kyrkje.
	Referatskriv
RS 10/13	Reguleringsplan for Huldal aust - 2.gongs høyring av planprogram
RS 11/13	Herøy Folkebibliotek – Ein levande og framtidsretta arena.

PS 68/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

PS 69/13 Protokoll frå førre møte

PS 70/13 Referatsaker



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/888
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
73/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

JUNGELKONGEN. SØKNAD OM STØTTE FRÅ KOMMUNALT NÆRINGSFOND.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot frå det kommunale næringsfondet til Jungelkongen v/Oscar Nordbø til kjøp av traktorklippar nr 3, med inntil halvparten av dei kostnadene eks. mva som går inn i støttegrunnlaget, inntil 25.000 kr i samsvar med søknad og prosjektskildring.

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til det kommunale næringsfondet.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakaren må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av kommunale næringsfond og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.»

Særutskrift:

- Jungelkongen v/Oscar Nordbø, Frøystad, 6095 Bølandet
- Økonomiavdelinga
- Assisterande rådmann

Vedlegg:

- Søknad.

Saksopplysningar:

Jungelkongen v/Oscar Nordbø søker om 25 000 kr i støtte til kjøp av traktorklippar nr 3.

Grunnlaget for tildeling av midlar frå næringsfondet er retningsliner frå Møre og Romsdal fylkeskommune av 05.03.2013, tildelingsbrev frå Møre og Romsdal fylke datert 08.04.2013 og ANS- sak 3/08.

Forhold som må vurderast i tilknytning til nemnde retningsliner er mellom anna om eit tilskot til bedrifta er utløysande for tiltaket og om tilskot vil kunne oppfattast som urettmessig konkurransevridande i høve til andre verksemder i same eller samanliknbare bransjar. Vidare viser fylket til at bedriftsretta støtte, der det samla kapitalbehovet overstig kr 300.000,-, bør visast til Innovasjon Norge for behandling. Støtte skal ikkje utgjere meir enn halvparten av dei kostnadene som er rekna inn i støttegrunnlaget. Dette betyr at normalgrensa for tilskot ikkje bør overstige kr 150.000,-. For verksemder som får refundert moms, skal støttegrunnlaget reknast av **kostnaden utan moms**.

I ANS-sak 3/08 vart det gjort slikt vedtak i pkt. 3:

"Når det gjeld spørsmål om konkurranseforhold i høve til alt etablerte verksemder så skal dette vurderast i høve til det geografiske området der den nye verksemda er forventa å ha storparten av kundemassen sin og det skal også takast omsyn til om dagens tilbod innan ein aktuell bransje er basert på monopol eller monopolliknande tilstand."

Jungelkongen v/Oscar Nordbø fekk tilskot på 25 000 kr frå det kommunale næringsfondet i 2008 til kjøp av traktorklippar 1 og 25 000 kr i 2010 til kjøp av traktorklippar 2 og ny større transporthengar.

Vurdering og konklusjon:

Jungelkongen v/Oscar Nordbø har fått tilskot frå næringsfondet til innkjøp av dei 2 traktorklipparane og søker no om tilskot til den tredje. Eg kan ikkje sjå at regelverket set noka grense for kor mange gongar eit foretak kan motta støtte frå næringsfondet. Det er likevel eit spørsmål som komiteen må vurdere.

Eg legg til grunn at tilskot Jungelkongen v/Oscar Nordbø til innkjøp av ein tredje traktorklippar ikkje er i strid med regelverket for kommunale næringsfond og rår under tvil til at det vert gitt eit tilskot på inntil halvparten av dei kostnadene som går inn i støttegrunnlaget, kostnadsrekna til inntil 25.000 kr.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 23.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Søker difor Herøy kommune sitt næringsfond om kr. 25000 til støtte til ovannemnde innkjøp.

Med helsing

Jungelkongen v/Oscar Nordbø

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse/poststed	Mobil
Søker / Prosjekteier	Nordbø, Oscar Org.nr:883657772	Frøystad 6095 BØ	98646329
Kontakt- person	Oscar Nordbø	Frøystad 6095 BØ	98646329
Prosjekt- leder	Oscar Nordbø	Frøystad 6095 BØ	98646329

Mottatt offentlig støtte tidligere: Ja

Fekk i 2010 kr. 25000 frå Herøy næringsfond i støtte til kjøp av traktorklippar nr. 2 og ny større transporthengar.

Spesifikasjon

Bakgrunn

Har hatt oppdrag med å vedlikehalde grøntareal sidan 2007

Prosjekt mål

Halde fram med å levere tenester oppdragsgivarane er nøgde med.

Forankring

Jungelkongen er eit enkeltmannsføretak som ynskjer å halde høg etisk standard slik at både kundar og medarbeidarar er nøgde.

Prosjektorganisering

Sjefen bestemmer. Spanderar hardevafler og is av og til.

Samarbeidspartnere

Ingen.

Aktiviteter

Vedlikehald av grøntanlegg

Målgrupper

Eigedomsanvarlege, kommunale, statlege og private

Resultat

Velstelde grøntanlegg

Effekter

Søknad

Søknadsnr.	2013-0026	Søknadsår	2013	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Jungelkongen sikrar og aukar kapasiteten			

Kort beskrivelse

Treng ein traktorklippar nr. 3 for å sikre gjennomføringa av dei kontraktene eg har med Herøy kommune og Herøy kyrkjelege fellesråd. Ein klipper nr. 3 vil også gi høve til auka kapasitet i spesielle høve.

Prosjektbeskrivelse

Utgreiing om prosjektet:

Sidan 2007 har eg hatt sommarvedlikehaldet på dei fleste gravplassane i Herøy gjennom enkeltmannsføretaket Jungelkongen. Eg har også oppdrag for privatpersonar og sidan 2010 har eg hatt kontrakt på eit større oppdrag for Herøy kommune, eigedomsavdelinga.

For klare oppdragsmengda har eg i sesongen, i tillegg til meg sjølv, 1-2 personar fast i arbeid. I skuleferien er det gjerne studentar som er tilsette og utanom ferien har eg nokre godt vaksne som stiller opp.

Drifta går i hovudsak ved bruk av to traktorklipparar. No ynskjer eg å kjøpe ein tredje traktorklippar. Grunner er at vi heilt avhengige av desse maskinene for å klare jobben. Diverre hender det av og til at ein får tekniske problem pga. slitasje eller uhell. Eg har eit nokså bra utval av slitedelar, men av og til skjer det noko uventa. Då kan det ta opptil 2 veker før eg får den rette delen. Dette fører til nesten halvering av kapasiteten. Eg har difor kome til at eg må ha ein reservemaskin. Planen er å skaffe ein ny/fint brukt maskin og så bruke den eldste som eg har i drift som reservemaskin om ein skulle få driftsstans på ein av dei to andre. I tider med veldig mykje å gjere vil eg på denne måten også ha høve til å sette inn ein tredje maskin.

Eg har fått tilslag på ein fint brukt Stiga Park Pro 20 4wd, 2010 mod (heilt lik dei to andre eg har) for kr. 65000.(inkl. mva på 60% av beløpet) Då fyl det også med totrinns snøfresar. (Det kan gi høve til små oppdrag også om vinteren)

Omsetninga for 2012 var på 448.000 + mva. Det ligg an til ein liten auke i 2013.

Ein nyinvestering av denne storleiken merkast godt, men eg har kome til at det er naudsynt for å kunne halde ein jamn drift. Det har vist seg at det er eit behov i Herøy og omegn for dei tenester Jungelkongen kan tilby.



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/2254
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
74/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. I`SING.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 20.000 frå RDA-midlane til I`sing v/Anders Enerhaug til innkjøp av trommesett, gitarforsterkar oh bassforsterkar (ref. mål 1.b og 1.c i handlingsplanen 2013).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2013. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- I`sing v/Anders Enerhaug, Stokksund, 6070 Tjørvåg
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad frå I`sing v/Anders Enerhaug.

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum har i møtet 21. juni 2013 kome med slik innstilling i saka:

«Styret innstiller kr 20.000,- til ungdomskoret Indre Herøy ten-sing med band. Søknaden gjeld kjøp av nye trommesett og forsterkere. (ref. mål 1.b og 1.c i handlingsplanen 2013).»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 24.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Søknad

Søknadsnr.	2012-0012	Søknadsår	2012	Arkivsak
Støtteordning	Kommunalt næringsfond			
Prosjektnavn	Trommesett og instrumentforsterkere til I'sing			

Kort beskrivelse

I'sing, Indre Herøy ten-sing driver ungdomskor med band. I dag er koret 12 medlemmer, men er i en aktiv prosess med samarbeid med konfirmanter og andre grupper. Øver hver Onsdag i Indre Herøy kyrkje.

Prosjektbeskrivelse

I'sing har mye utstyr til lyd og band og sang. Koret har mange flinke sangere og musikere. Trommesette som er i bruk i dag er 8 år gammel å begynner å bli slitt. Ønsket er et digitalt trommesett for bedre lyd og kontroll i et stort kirkerom. Videre er også ønsket om nye forsterkere til gitar og bassgitar siden disse er gamle og arvet fra tidligere musikere i koret.

Kontaktopplysninger

Funksjon	Navn	Adresse	Poststed	Mobil
Søker/prosjekteier	Enerhaug, Anders Vold	Stokksund	6070 TjøråG	95843151
Kontaktperson	Anders Vold Enerhaug	Stokksund	6070 TjøråG	95843151
Prosjektleder	Anders Vold Enerhaug	Stokksund	6070 TjøråG	95843151

Mottatt offentlig støtte tidligere: Nei

Spesifikasjon

Bakgrunn

Koret har i dag band med instrumenter som begynner å bli slitt. Trommesettet ble kjøpt inn for 8 år siden og er et billigsett som ikke har den kvalitet som en skulle forvente.

Videre har vi forsterkere til gitar og bassgitar som vi har arvet fra tidligere musikere i I'sing. Disse virker til dels, men ikke satbile nok til bruk på opptredner og konserter.

Prosjekt mål

Ønsket til I'sing er å kunne kjøpe seg et digitalt trommesett hvor en da lettere kan kontrollere lyd og styrke siden dette er digitalt. Trommesette krever forsterker tilkobling og kan kobles til lydanlegg. En får da en mye mer kontrolert lyd på trommesette, særlig i store kirkerom hvor vi spiller og opptrer ofte.

Gitar og bassgitar forsterker er i dag gammelt og vi ønsker oss nytt som er gir oss god lyd, men ikke minst er driftssikkert for koret.

Forankring

I''sing er et ten-sing kor som hører til i Norges KFUK-M og er drevet av ungdommer for hele Herøy. Koret har base i Indre Herøy kyrkje og hører til Indre Herøy og Leikanger sokn sitt ungdomsarbeid.

Prosjektorganisering

I''sing drives av og med ungdommer. Koret har eget styre som består av ungdommer. I dag har koret to voksenledere som hjelper til med organisering og planlegging og litt innenfor det musikalske.

Samarbeidspartnere

I''sing driver aktivt samarbeid med konfirmantopplegget i Indre Herøy og Leikanger sokn. Kateketen i Herøy og Soknepresten i Indre Herøy og Leikanger er aktive med å jobber på laget. I''sing har også mye samarbeid med kantorene i Herøy og andre musikalske grupper. Videre har I''sing godt samarbeid med andre ten-singkor i regionen og Norges KFUK-M regionalt og nasjonalt.

Aktiviteter

I''sing synger og opptrer på konserter, Gospel Nights, gudstenester i kyrkjene, basarer og andre lignende arrangemang. I''sing skal delta på ten-sing kurs i november i Førde sammen med andre ten-singere fra hele landet. I februar kommer et team fra Ten-Sing Norway på besøk i Herøy for å inspirere og rekrutere ungdommer i ten-sing alder. I''sing skal også delta på Vintertreff i Stryn i februar. I mars og april skal I''sing drive et musikal samarbeid med konfirmantane i Indre Herøy og Leikanger.

Målgrupper

I''sing er for ungdommer fra 8 klasse og oppover. Vi rekruterer mest ungdommer fra Indre Herøy og Leikanger. Men vi har også ungdommer i koret fra hele Herøy og til dels fra nabokommunen.

Resultat

Et resultat av en slik støtte vil være å inspirere ungdommer til å spille instrument. Lære seg noter og teknikker, få lyst til å prøve ut sine grenser og utvikle seg innenfor sine felt.

Effekter

I''sing jobber aktivt for å rekrutere ungdommer til å synge, danse, dramatisere, spille instrument og det å styre/organisere. Mye får vi til allerede, men med utstyr og instrument så legger en et ennå bedre grunnlag for arbeidet.

Tids- og kostnadsplan**Tidsplan**

I''sing er hele tiden i utvikling. Innstrument og utstyr vil bli skiftet ut når det er økonomi til det.

Kostnadsplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Bassforsterker		5 000				5 000
Gitarforsterker		5 000				5 000
Trommesett digitalt		10 000				10 000
Sum kostnad		20 000				20 000

Finansieringsplan

Tittel	2012	2013	2014	2015	2016	SUM
Herøy kommune	20 000					20 000

Sum finansiering	20 000					20 000
-------------------------	---------------	--	--	--	--	---------------

Geografi

1515-Herøy

Vedleggsliste

Dokumentnavn	Filstørrelse	Dato



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1776
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
75/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. MOLTUSTRANDA MOSJONSFESTIVAL.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 30.000 frå RDA-midlane til Moltustranda I.L. til arrangementet Moltustranda Mosjonsfestival 2013. Dette er eit godt tiltak med stort potensial vidare og der er gjort eit stort dugnadsarbeid (ref. mål 1.b, 1.c og 2.c i handlingsplanen 2013).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2013. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta

i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Moltustranda Idrettslag V/Daniel Eide Moltumyr
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad frå Moltustranda idrettslag.

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum har i møtet 21. juni 2013 kome med slik innstilling i saka:

«Styret innstiller kr 30.000,- til Moltu I.L. til arrangementet Moltustranda Mosjonsfestival. Dette er sett på som eit godt tiltak med stort potensiale vidare og der er gjort eit stort dugnadsarbeid (ref. mål 1.b, 1.c og 2.c i handlingsplanen 2013).»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Positiv konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 25.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

Emne: Fwd: Moltustranda mosjonsfestival -13
Dato: lørdag 27. april 2013 11:51
Fra: Daniel Eide Moltumyr <danieleidemoltumyr@gmail.com>
Til: Geir Idar Kvalsvik <geiridar@cann.no>

Hei!

Den totale kostnadsrammen for arrangementet ligger på kr. 104.000,-. Dette inkluderer ungdomskonsert med profilert lokalt band og annen underholdning, samt en rekke aktiviteter rettet mot barn og unge. Arrangementet er tiltenkt fra fredag til søndag, med hovedfokus på mosjon og Moltumila, motbakkeløpet og sykkeløpet – som skissert under. Våre hovedansvarlige for arrangementet er Maron Sandvik og Lars Petter Rønnestad (Moltustranda Idrettslag).

Konkrete utgiftsposter vi søker støtte til:

- Leige av telt/teltlandsby (inkl bord og stoler etc.): kr. 12.000,-
- Profilering og trykk: kr. 7.500,-
- Lyd/lys: 10.000,-

Vi søker støtte i størrelsesorden 20.000 til 30.000 kr.

Alle bidrag vil være til god støtte!

Sponsorer og bidragsytere vil bli selvfølgelig bli profilert i et arrangement som tiltenkes videreført i årene fremover.

Ta gjerne kontakt for ytterlig informasjon.

Med vennlig hilsen:
Daniel Eide Moltumyr

Fra: Geir Idar Kvalsvik <geiridar@cann.no>
Emne: Re: Moltustranda mosjonsfestival -13
Dato: 24. april 2013 09:32:10 CEST
Til: Daniel Eide Moltumyr
<danieleidemoltumyr@gmail.com>

Hei Daniel,
Skal ta dette videre til styret. Har du en oversikt over hvor mye dere

(for markedsgruppen Moltustranda Idrettslag
Maron Sandvik/Daniel Eide
Moltumyr)

Daniel Eide Moltumyr
Mob. 91107187



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1776
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
76/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. BERGSØY IL.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett kan ikkje imøtekome søknaden frå Bergsøy IL.

Det er ikkje disponible midlar på 2013 Handlingsplanen til å behandle denne søknaden.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Bergsøy IL v/Hallvard Ulfstein
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad frå Bergsøy IL

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum har i møtet 21. juni 2013 kome med slik innstilling i saka:

«Det er ikkje disponible midlar på 2013 Handlingsplanen til å behandle denne søknaden.»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Negativ konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 25.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad



Herøy Næringsforum
Postboks 69

6099 Fosnavåg

Fosnavåg 31.05.2012

Att:

Søknad om tilleggsstøtte til bygging av klubbhus til Bergsøy IL

Det vises til kopi av vår søknad i 2011 der vi søkte om støtte på NOK 3 mill. og deres tildeling til oss på NOK 1 mill, ei tildeling vi er svært takknemlige for.

Vi tillater oss allikevel å sende en ny søknad til dere og be om ytterligere NOK 2 mill i støtte til bygging av klubbhuset.

Til orientering så har vi p.t. et finansieringsbehov på i overkant av NOK 3 mill. Vi har mottatt lånetilsagn via vår generalsponsor Sparebanken Møre men det er ønskelig å ende opp med et så lavt lån som mulig, siden vi da kan bruke våre årlige inntekter til sportslig satsing og ikke minst til drift av anlegg og klubbhus.

Målsettingen vår med klubbhuset er at det skal være en sosial treffplass for alle medlemmene i Bergsøy IL (også handball og friidrett), samt at vi har som målsetting å arrangere arrangement for alle klubbene i Herøy basert på samarbeidsavtalen "En kommune fire klubber" som omfatter alle klubbene i Herøy.

Ved å sikre en så lav belåning som mulig vil vi i større grad kunne sikre en høy sportslig og ikke minst sosial aktivitet utenom trening, noe som vil bidra til at vi skal nå målsettingen vår om at "så mange som mulig skal spille så lenge som mulig og bli så god som mulig"

Vi håper på positiv behandling av søknaden og ser frem til å høre fra dere i sakens anledning.

Vennlig hilsen

Hallvar Ulfstein
Styremedlem Bergsøy IL Fotball

Vedlegg: Kopi av vår søknad datert 05.12.2011/26.10.2011

Søknadsskjema om RDA midlar

Informasjon om søker

Namn	Bergsøy IL	
Firmanamn		
Forretningsadresse	Postboks 12, 6099 Fosnavåg	
Organisasjonsnummer	982 513 367	
Telefon:	Mobil: 481 80 010	E-post: hallvar@havila.no

Informasjon om prosjekt

Namn:	Klubbhus			
Total kostnad/budsjett:	NOK 11 mill			
Tilskotssum:	3 000 000,-			
Tidsrom for prosjektet:	Bygges og ferdigstilles 2012			
Tilskotet skal nyttast til:	Investering	Samferdse	Kompetanseheving	FoU og nyskaping
Samarbeid mellom skule og næringsliv	Næringsretta program		Digital infrastruktur	

Anna: Bygging av klubbhus for idrettslaget

Har du fått anna offentleg støtte i dei siste tre åra?	Ja	Nei	Beløp:
--	----	-----	--------

Prosjektomtale (jfr KR D retningsliner vedlegg 2: krav til innhaldet i og forma på søknaden og saksbehandling)

- Presise og realistiske mål/effektar

Klubbhus for Bergsøy IL.

Samlingsstad for barn og ungdom i Herøy også utenom treningstid.

Tiltak for å få barn og unge til å holde på lengre, i dag er det for stort frafall i tenårene.

Et klubbhus vil være med og bygge tilhørighet og identitet til både klubben og lokalsamfunnet, ikkje berre for dei aktive men også for ledere, trenere, tillitsvalgte osv.

Vi ønsker å legge til rette for et "varmt klubbhus" med fritidsaktiviteter/arrangementer heile veka men spesielt i helgane der ungdommen kan ha et alkoholfritt alternativ.

Videreutvikling av Bergsøy IL og derigjennom være med å bidra til å gjere Herøy kommune til et enda bedre sted å bo.

- Realistisk prosjektplan med milepælar

Byggestart våren 2012 og ferdigstillelse årsskiftet 2012/2013.

- Kostnadsoverslag og finansieringsplan med marginar for eventuelle usikre moment

Kostnadsoverslag:

Garderobedel	ca.	NOK 4 500 000,-
Klubbhusdel	ca.	" 3 300 000,-
Lager for materiell	ca.	" 1 000 000,-
Kostnad eks. mva	ca.	" 8 800 000,-
MVA	ca.	" 2 200 000,-
Totalkostnad	ca.	NOK 11 000 000,-

Finansieringsplan:

Spelemidler	NOK 1 700 000,-
Momsrefusjon	" 2 200 000,-
Egne midler	" 1 600 000,-
Støtte og lån	" 5 500 000,-
Sum finansiering	" 11 000 000,-

(Eventuelt detaljert dokumentasjon vert vedlagt.)

Vedlegg: -Underbygget søknad med tegninger.
-Uttalelse fra Ungdomsrådet i Bergsøy IL Fotball
-Brev fra Hovedlaget Bergsøy, Fríidrett og Handball som støtter bygging av klubbhus.

Stad/Dato:

Fornvik 5/12-2012

Signatur:

**Vurderingar(vert fylt ut av administrasjonen)**Bedriftsretta tiltak: Generell tilretteleggande tiltak:

Godkjent med grunngjeving:

Avslag med grunngjeving:

Stad/Dato

Signatur

Rettleiing



Herøy Næringsforum
Postboks 69

6099 Fosnavåg

Fosnavåg 26.10.2011

Att:

Søknad om støtte til bygging av klubbhus til Bergsøy IL

Bergsøy IL Fotball har som visjon "Å bidra til å gjøre Herøy Kommune til et enda bedre sted å bo". Det er på denne bakgrunn vi ønsker å gjennomføre det betydelige økonomiske løftet som legging av kunstgras på grasbanen samt bygging av klubbhus vil være for oss. Dette økonomiske løftet vil være det største i klubbens historie, og vil etter vår mening definitivt bidra til at Herøy Kommune blir et enda bedre sted å bo.

Bergsøy IL har vært uten klubbhus etter at aktiviteten er blitt flyttet fra Huldal til Kulturhusområdet. De siste 2 årene har det vært presentert flere forskjellige alternativ basert på at dagens KGB skulle defineres som hovedbane. Etter at det ble besluttet også å legge kunstgras på dagens grasbane vil dette fortsatt bli det naturlige hovedstadion. Vårt forslag er basert på kombinasjon klubbhus overbygget tribune. Total kostnadsramme for disse to prosjekta er om lag 13,2 millioner kroner inkl mva. Dette vil bli et enormt økonomisk løft for Bergsøy Fotball.

Behovsanalyse

Bergsøy Fotball var i 2010 nominert til årets breddeklubb i Sunnmøre Fotballkrets. Begrunnelsen var at vi var det laget på Sunnmøre som hadde den største økningen i antall påmeldte lag i kretsen. Dette vitner om stor aktivitet og seier litt om "driven" som er i Bergsøy IL om dagen. Vi må jobbe hardt på lag for å holde denne "driven" vedlike.

Vi har foretatt ei måling av aktiviteten til Bergsøy IL- Fotball gjennom 2 uker i 2010. Vi har da tatt utgangspunkt i uke 20 og 39. I snitt for disse to ukene var det i sving 1 173 aktive. I løpet av ei uke gjennomførte disse 2 250 trenings- eller kamptimer. I løpet av en måned aktiviserer Bergsøy Fotball, ungdom i til sammen 9 000 treningstimer.

Samlingssted for barn og ungdom

For å ivareta denne store aktiviteten, og for å legge til rette slik at klubben fortsatt kan vokse, ønsker vi å tilby ungdommen en tilholdsstad også utenom treningstida. Dette er etter vår mening avgjørende i samråd med vår målsetting der "flest mulig skal holde på lengst mulig", gjennom å tilby dem en felles sosial aktivitet også utenom treningstid, viser erfaring fra andre steder at ungdommen spiller lenger. I dag har vi for stort frafall fra barna kommer i tenårene. Dette er en utvikling et klubbhus gjennom aktiviteter utenom trening og kamp vil bidra til å



redusere kraftig. Vi ser føre oss at klubblokala skal bli en samlingsstad for ungdommen. Bergsøy Fotball vil på denne måten være med på å bygge tilhørighet og identitet til både klubben og lokalsamfunnet.

Vi ønsker et "varmt" klubbhus som skal være i bruk kvar dag og spesielt i helgene da dette er et tidspunkt ungdommen i Herøy etterlyser arrangement og et sted å være uten alkohol. Klubbhuset skal også bidra til å skape større identitet gjennom å være et samlingssted også for andre interessenter i Bergsøy, som tillitsvalgte, ansatte osv.

"En kommune – fire klubber"

Vi har startet et samarbeidsprosjekt som involverer alle fire idrettslaga i kommunen. Vi arbeider med planer om å lage felles treninger en eller flere ganger per uke. Dette trur vi også vil være med å legge grunnlaget for at "flere spiller lenger". Vi arbeider konkret med "Fotball fredag" der vi ønsker felles trening, bruk av badeland med sosiale aktiviteter etterpå. P.t. må vi evt. bruke kulturhuset men målsettingen er å kunne bruke lokaler i vårt eget klubbhus.

Kontor/ lager/ klasserom

Det er tegnet inn 4 kontor. Bergsøy Idrettslag er en klubb i utvikling og Bergsøy IL-Fotball har i år ansatt heltidsansatt Daglig Leder og Sportslig Leder Aldersbestemt, i tillegg er flere andre personer i deltidsstillinger. Vi ser føre oss at klubben vil vokse videre og at behovet for administrasjon vil auke på. I tillegg er det lagt opp til at Handball og Friidrett skal ha ett felles kontor.

Det blir lagt stor vekt på kompetanseheving blant trenere, dommere osv., som etter vår vurdering er avgjørende for videre positiv utvikling, og da må vi ha egnede lokaler til det.

FFO

Bergsøy Fotball starta høsten 2009 opp med fotballfritidsordning for barn fra 4. til og med 6. klasse. Dette har vært en suksess, men for at dette tilbudet skal kunne videreføres og utviklast videre så må vi over i mer fremtidsretta lokaler enn det en holder til i dag. I dag har vi midlertidig måtte stoppe dette populære tiltaket pga for dårlige lokaliteter til leksehjelp og lignende.

Bergsøy IL som integrator for personer som flytter til Herøy

Bergsøy IL Fotball har veldig mange barn som har flyttet til Herøy og som er aktive, og ikke minst mange foreldre av dem er aktive som tillitsvalgte, enten det er styre, utvalg, trenere osv. Tilbakemeldingen er at Bergsøy IL Fotball er en fantastisk integrator i form av å bli kjent med andre personer i nærmiljøet.

Bergsøy IL er utbygger

Utbygger skal være hovedstyret i Bergsøy IL. Klubbhuset vil også være for de andre aktivitetene i BIL som i dag er handball og friidrett. Bergsøy IL Fotball har innleda dialog med handball og friidrett for å formalisere dette der vi ønsker at dei bidrar og dekker driftskostnader etter hva som vil være deres behov for bruk. Den som i praksis er ansvarlig og har påtatt seg å finansiere byggingen er Bergsøy IL Fotball.



Spesifisering byggekostnader/ tippemidler klubbhus

- Garderobedel	ca	4 500 000
- Klubbhusdel	ca	3 300 000
- Lager for vedlikehold/ drift og materiell	ca	<u>1 000 000</u>
Budsjettert kostnad		8 800 000,- eks mva
Mva		<u>2 200 000,-</u>
Budsjettert kostnad inkl mva		<u>11 000 000,-</u>

Oppgradering av eksisterende tribuner og tribuneoverbygg er anslått til kr 2 200 000,-. Totale investeringer/oppgraderinger blir på ca NOK 13,2 mill inkl. mva.

Finansiering

Byggingen av klubbhus er planlagt finansiert gjennom egenkapital, dugnadsarbeider, spillemidler, salg av stadion navn, sponsorstøtte og lån.

Finansieringsplan Klubbhus

Investering		<u>11 000 000</u>
Spelemidler	1 700 000	
Momsrefusjon	2 200 000	
Egne midler	1 600 000	
Sponsormidler/lån	5 500 000	
Sum finansiering		<u>11 000 000</u>

Vi søker Herøy Næringsforum om en støtte på NOK 3 000 000,-.


Vi mener at et velfungerende idrettslag med riktige fasiliteter er et "pre" også for næringslivet i forbindelse med rekruttering av medarbeidere.

Vi håper vi har synliggjort behovet for nytt klubbhus på en god måte og at Herøy Næringsforum vil være med å realisere nytt klubbhus i regi av Bergsøy IL.

Vennlig hilsen


Hallvar Ulstein
Styremedlem Bergsøy IL Fotball


Vedlegg: Tegninger av klubbhuset
Brev fra Ungdomsrådet i Bergsøy IL Fotball
Brev fra Hovedstyret i Bergsøy IL



FORELØPIG TEGNING


Prosjekt nr.:	----
Dato:	13.03.2011
Teikna av:	KBV
Kontrollert av:	kbv
Teikningsnr.:	101
Målestokk:	

BERGSØY IL				
KLUBBHUŠ				
PERSPEKTIV 1				
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Sign.	



FORELØPIG TEGNING

Prosjekt nr.:					
Dato:	03.03.2011				
Teikna av:	KBV				
Kontrollert av:	kbv				
Teikningsnr.:	102				
Målestokk:					
BERGSØY IL					
KLUBBHUUS					
PERSPEKTIV 2					
Rev.	Revisjonen gjelder	Dato	Sign.		





Til: Herøy Kommune/ Sponsorer

Friidrett og Handball i BIL støtter bygging av Klubbhus


Bergsøy IL er organisert på en slik måte at det er inndelt i tre undergrupper, Fotball, Friidrett og Handball under et organisasjonsnummer. Hver av de tre undergruppene blir operert separat med eget styre, samt at BIL har et eget styre med egen styreleder og uavhengige representanter, i tillegg til at undergruppene representert med styreleder.

Bergsøy IL-Fotball som den største og mest ressurssterke undergruppen i BIL har tatt på seg ansvaret for bygging av klubbhus, men klubbhuset er for hele BIL og både friidrett og handball har stort behov for klubbhus for å sikre positiv utvikling og samhold gjennom mulighet for aktiviteter utenom kamp og trening. For friidrett vil klubbhuset også bli nytt til trening.

Hovedstyret i BIL, samt Friidrett og Handball oppfordrer på denne bakgrunn Herøy Kommune og potensielle sponsorer til å bidra til at klubbhus vil bli bygget, som vil være viktig for alle medlemmer i BIL

Fosnavåg, 29. september 2011


Margrethe Stølan Steinsvik – styreleder BIL


Myrfin Slåttelid – styreleder, Bergsøy IL - Handball


Frank Otto Kvalsvik – styreleder, Bergsøy IL - Friidrett



Til: Herøy Kommune

onsdag, 14 september 2011

Att: Ordfører/ Rådmann

Begrunnelse fra Ungdomsrådet i Bergsøy IL-Fotball for behov for klubbhus

Eit klubbhus er viktig for alle klubbar. Store og små, breiddeklubbar så vel som toppklubbar. Dersom vi får eit nytt klubbhus kan dette vere med på å utvikle og gjere Bergsøy IL til ein betre klubb. Det vil også føre til at Herøy "blir ein betre stad å bu".

Dersom vi får på plass eit klubbhus vert moglegheitene større. Vi kan lettare samlast i ulike samanhengar, både som lag og klubb. Vi i Bergsøy ungdomsutval har tatt på oss ansvaret med å arrangere ulike arrangement for dei unge i klubben. Eit klubbhus gjer at vi får ein plass og samlast, og dette kan også vere med på og drage ungdommane vekk frå alkoholen.

I dag er det garderobane på kulturhuset som vert nytta av alle organisasjonane i Bergsøy idrettslag. Dette kan til tider bli trangt om plassen, og med eit nytt klubbhus og fire nye garderobar vil dette naturlegvis føre til betre plass og rom for alle.

Det nye klubbhuset vil bli nytta til ulike gjevande føremål, som skal ta Bergsøy og ikkje minst Herøy til nye høgder. Klubbhuset skal bli ein plass der Bergsøymedlemmane med andre samarbeidspartnarar skal diskutere viktige saker som vil gjere Bergsøy til ein STØRRE arena for alle. I klubbhuset skal vi ha eit treningsrom som skal nyttast til alternativ trening. Vi trur at vi vil få med oss fleire dersom vi legg til rette for dei som ofte er ute med skader.

Med vennlig helsing

Ungdomsrådet i Bergsøy IL-Fotball

Runa Kvalsвик Frantsen,
Marthe Nerland Madsen
Nikolai Hasfjord
Lovise Frøystadvåg
Martin Falkanger



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2012/1776
		Arkiv:	230

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
77/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

SØKNAD OM RDA- MIDLAR. HERØY SOGELAG.

Tilråding frå rådmannen:

Komite for næring, kultur og idrett løyver eit tilskot på kr 550.000 frå RDA-midlane til ferdigstilling av dei 5 banda av Heimar og Folk (ref. mål 1.b. og 2.b i handlingsplanen 2013).

Betaling skal alltid skje etterskotsvis mot godkjend rapport og rekneskap. Det kan gjerast delutbetalingar til påløpne utgifter med inntil 75% av tilskotet. Sluttutbetaling vert utbetalt når prosjektet er avslutta og vilkåra er oppfylt med revisorgodkjend rekneskap.

Søkjaren må sjølv kontrollere at utbetalt beløp er korrekt. Feil i utbetalt beløp vil bli trekt eller etterbetalt.

Tilsagnet gjeld fram til 31.12.2014. Dersom prosjektet ikkje er ferdig og gjennomført og tilskotet ikkje utbetalt innan denne datoen går tilskotet attende til RDA- midlane.

Krav til dokumentasjon/rekneskap/rapportering

Det skal førast spesifisert regnskap for prosjektet. Rekneskapen skal vere sett opp på ein slik måte at ein kan samanlikne med kostnadsoverslaget som er lagt til grunn for tilsagnet. Søkjaren pliktar å ta vare på rekneskapsdata og faktisk opplysingar.

Kontroll

Fylkesrevisjonen eller kommunerevisjonen kan føre kontroll med at midlane er nytta i samsvar med regelverket.

Feil bruk av midlane

Midlane skal nyttast i tråd med søknaden. Bruk av midlane i strid med retningslinene/handlingsplan vil medføre inndraging av tilsagnet og eventuelt tilbakebetaling.

Tilskotsmottakar må skriftleg akseptere at tilskotet er mottatt på dei vilkåra som gjeld.

Etter retningslinene for bruk og forvaltning av RDA-midlane og etter forvaltningslova § 28, kan vedtaket påklagast til særskild klagenemnd. Eventuell klage skal sendast Herøy kommune, Postboks 274, 6099 Fosnavåg, og klaga skal ligge føre seinast 3 veker etter at søkjaren er gjort kjend med vedtaket i saka.

Særutskrift:

- Johan Moltu
- Herøy Næringsforum v/Geir Idar Kvalsvik
- Assisterande rådmann
- Økonomiavdelinga

Vedlegg:

- Søknad frå Herøy Sogelag

Saksopplysningar:

Styret i Herøy Næringsforum har i møtet 21. juni 2013 kome med slik innstilling i saka:

«Styret innstiller kr 550.000,- til ferdigstilling av dei 5 banda av Heimar og Folk. (ref. mål 1.b. og 2.b i handlingsplanen 2013).»

Vurdering og konklusjon:

Eg kjem med tilråding i samsvar med innstillinga frå styret i Herøy Næringsforum.

Konsekvensar for folkehelse:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for beredskap:

Ingen konsekvens.

Konsekvensar for drift:

Ingen konsekvens.

Fosnavåg, 25.09.2013

Erlend Krumsvik

Olaus-Jon Kopperstad

TIL NÆRINGSFORUM
v/ Geir Idar Kvalsvik
6099 Fosnavåg

SØKNAD OM TILDELING AV TILSKOTSMIDLAR 2012.

Herøy sogelag har tidlegare år fått stønad både frå Herøy Næringsforum og bankar til arbeidet med prosjektet Heimar og Folk. Frå Næringsforum har Sogelaget fått kr 200 000 (2006) og kr 300.000 (2010). Frå Spareb. Møre har vi fått 100.000 (2008) og frå SpareBank 1 kr 50.000 (2009). Dette er kjærkomne midlar og som vi er svært takksame for. Det har bidrege sterkt og ført til at vi kan følgje progresjonen som var lagd for prosjektet Heimar og Folk.

Heimar og Folk-prosjektet er eit svært omfattande og kostbart, og Herøy sogelag har ved utgangen av 2012 eit lån på 1 mill. i Sparebanken Møre og eit lån på 1,3 mill hos Herøy kommune.

På utgiftsida kan vi nemne at produksjonskostnadane for Heimar og Folk passerte 3 mill. kroner pr 31.des 2011.

2012 må vi ut med ca 1 mill kroner til lønn og trykkingsutgifter for band 3, og i 2013 vil det gå med ca kr 800.000 til ferdigstilling av band 4 og registerbandet, band 5.

Inkludert renteutgifter passerer totalkostnaden då 5 mill. kroner. Dette beløpet er i samsvar med forprosjektet utarbeidd ved Høgskulen i Volda.

Salet av dei to første banda har gått som forventa, og samla er det i 2009, 2010, 2011 og 2012 selt Heimar og Folk for kr 1.350.000.

Når renteutgiftene for desse 4 åra (kr 245.000) vert lagde til, vert der likevel ein differanse mellom produksjonskostnad og inntekt for dei to første banda på kr. 1.145.000.

Sjølv med godt sal av band 3, 4 og 5 er det då kun tilskot som kan redusere behovet for ytterlegare låneopptak


Arbeidet til Per Ståle, som er prosjektansvarleg, har hatt ein fin progresjon. Band 1 (Runde, Remøy og Leinøy) og band 2 (Indre Herøy) av Heimar og Folk er utgidde. Band 3 (Nerlandsøy og Fosnavåg sentrum) står no for tur og kjem ut til jul 2012. Vi satsar på at det siste bandet, band 4 (Resten av Bergsøya) ferdig til sommaren 2013. Det 5. og siste bandet, "Registerbandet", reknar vi med å få ut rett etter band 4.


Sogelaget har til no fått 500.000kr i støtte frå Næringsforumet.

Vi er no inne i sluttprosessen av dette prosjektet og håper på om enda ei støtte frå Næringsforumet.

Vi søker derfor på kr 550.000 og bed om at Næringsforum ser med velvilje på søknaden.

For styret i Herøy sogelag


Haldor Frøystad
- sekr -


Johan Moltu
- leiar -



Assisterande rådmann

SAKSFRAMLEGG

-

Sakshandsamar:	OJK	Arkivsaknr:	2013/889
		Arkiv:	243

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
78/13	Komite for næring, kultur og idrett	07.10.2013

